



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 82

(2002–2003)

Lov om endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 30. april 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek.

Lovendringsforslaget knyter seg til lov om folkebibliotek § 4, som vert foreslått endra slik at kommunane vil kunne samarbeide med statlege institusjonar om folkebibliotektenester, og det vert opna for at departementet kan gjere unnatak frå kravet om at det skal vere eit bibliotek i kvar kommune – men berre som forsøksprosjekt. Tilsvarande vert lov om folkebibliotek § 8 foreslått endra for å gje rom for å prøva ut alternative måtar å organisere bibliotekoppgåvene på regionalt nivå, ved å gje departementet høve til å gjere unnatak frå kravet om at det skal finnast eit fylkesbibliotek i kvar fylkeskommune. Men også dette gjeld forsøksprosjekt. Vidare vert andre ledd, krav om at fylkesbiblioteket skal vere knytt til eit folkebibliotek, fjerna for å gje rom for meir fleksible løysingar. Til sist vert det foreslått å fjerne tilvisinga til Statens bibliotektilsyn i § 13.

Lovframlegget er mindre omfattande enn dei endringane som vart foreslått i eit notat departementet sende på høyring hausten 2002. Dette har samband med at det er varsla ein større revisjon av folkebiblioteklova som ledd i eit meir generelt utviklings- og utgreiingsarbeid på bibliotekfeltet. I samsvar med eit gjennomgåande synspunkt i høyringsfråsegnene er departementet kome til at det

mest formålstenlege vil vere å vurdere alle substansielle endringar i lys av den samla gjennomgangen som det er meininga å ta til med i nær framtid. Nedanfor gjer departementet nærmare greie for bakgrunnen for dette. I punkt 4 følgjer ei drøfting av dei lovendringane som vert foreslått i denne proposisjonen.

2 Utviklingsarbeid på bibliotekfeltet

I St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*, den såkalla abm-meldinga, la departementet fram tanken om å integrere Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling i eit nytt fellesorgan som også skulle arbeide med arkivspørsmål. Arbeidstittelen var ABM-utvikling – Kulturdepartementets samordningsorgan for arkiv, bibliotek og museum. På bibliotekfeltet viste meldinga til dei mange nye utfordringane folkebiblioteka står overfor i samband med utnytting av ny teknologi, desentralisert utdanning, fjernlånstenester, innhenting og bearbeiding av informasjon og tilgang til databasar. Konklusjonen var at folkebiblioteka burde stimulerast til å utvikle nye og alternative samarbeids- og samordningsmodellar, og at det særleg var viktig at dei mange små bibliotekkeiningane på kommunenivå kunne utvikle samarbeid på tvers av kommunegrensene.

I meldinga vart det vidare vist til behovet for tet-

tare samhandling mellom folkebiblioteka og fag- og forskingsbiblioteka. Det ideelle målet, heitte det, var å få til eit tilnærma saumlaust bibliotektilbod, dvs. at brukarane ikkje skal måtte tenkje på kva type bibliotek dei vender seg til når dei treng bibliotektenester. I Innst. S. nr. 46 (2000–2001) frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen vart det dessutan peika på at det var behov for eit sektor- og departementsovergrepande nasjonalt koordineringsansvar for heile bibliotekområdet. Det vart her vist til eit tidlegare framlegg om å slå Statens bibliotektilsyn saman med Riksbibliotektenesta. Denne tanken vart teken opp av kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Innst. S. nr. 337 (2000–2001). Komiteen viste til framlegget i abm-meldinga om eit fellesorgan for arkiv, bibliotek og museum og såg det som ein føresetnad at regjeringa i samband med dette gjennomførte ei samanslåing av Statens bibliotektilsyn og Riksbibliotektenesta.

I samsvar med dette foreslo Kulturdepartementet i budsjettframlegget for 2002 å opprette det nye fellesorganet ikkje berre som eit tverrsektorielt samordningsorgan innanfor departementets ansvarsområde, men som eit departementsovergrepande organ for heile arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. Det vart i 2002 gjennomført ein utgreiings- og omdanningsprosess, og institusjonen er formelt etablert og i operativ funksjon frå 1. januar 2003 under namnet ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. ABM-utvikling har hovudtilknytning til Kultur- og kyrkjedepartementet, men i samsvar med føresetnadene er det i vedtektene fastsett at institusjonen skal arbeide på tvers av departementale og andre administrative grenselinjer, og at institusjonen kan ha direkte dialog med ulike fagdepartement og fagetatar. Etableringa av ABM-utvikling inneber samstundes at Norsk museumsutvikling, Riksbibliotektenesta og Statens bibliotektilsyn er avvikla. Lovparagrafen som omtalar Statens bibliotektilsyn, må derfor endrast.

Som ledd i arbeidet med å følgje opp tanken om eit fellesorgan for arkiv, bibliotek og museum hadde Kulturdepartementet hausten 2000 oppnemnt eit utval av ekspertar frå Sverige, Danmark og Noreg for å evaluere Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling. I evalueringsrapporten frå april 2001 vart det tilrådd å redefinere det mandatet som Statens bibliotektilsyn hadde arbeidd etter, slik at det kunne leggjast mykje sterkare kraft i arbeidet med sentralt initierte utviklingstiltak på bibliotekområdet. Det måtte eventuelt skapast rom for dette ved å tone ned andre oppgåver, mellom anna dei tradisjonelle tilsynsfunksjonane. Utvalet meinte også at det var behov for eit sentralorgan som var i

stand til å arbeide meir heilhjarta og kraftfullt for å utvikle og gjennomføre heilskaplege, strategiske tiltak for ein samla biblioteksektor.

Departementet meiner det no er lagt til rette for dette ved at Statens bibliotektilsyn er slått saman med Riksbibliotektenesta innanfor ramma av ABM-utvikling. Den nye institusjonen representerer eit meir tidstilpassa instrument i den statlege bibliotekpolitikken, med eit vidare virkefelt og eit større handlingsrom enn dei tidlegare institusjonane hadde kvar for seg. Dette vil mellom anna gjere det lettare å utgreie, utvikle og utprøve framtidsretta og samanhengande tiltak på bibliotekfeltet spesielt og abm-området generelt.

Abm-meldinga viste til at hovudfunksjonen til biblioteka framleis vil vere å skaffe og låne ut prenta materiale i ei eller anna form til ulike kategoriar brukarar, men at det likevel kan kome store endringar på fleire felt i åra frametter. Den overgrepande utfordringa, heitte det, vil verte å utvikle tenestetilbod til ei brukargruppe med auka utdanningsnivå og høgare krav til tenestene. Den viktigaste endringsfaktoren vil vere auka bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Meldinga slo fast at dette vil stille store krav til nytenking og kreativitet i høve organiseringa av og innhaldet i bibliotektenestene.

Desse utfordringane vart også sterkt framheva i den nemnde evalueringsrapporten. Det heitte her at det vil krevjast av alle bibliotek at dei tilpassar seg endra rammevilkår, og at nye teknologiske løysingar, nye tenester, nye organisasjonsformer og ny kompetanse må utviklast. Folkebiblioteka må stimulerast til å organisere nye tenester, til å utvikle samarbeidet over kommunegrensene, til å syte for etter- og vidareutdanning av personalet og for eit tettare samspel med fagbiblioteka.

Ei sentral problemstilling er ifølgje utvalet at nettverkssamfunnet skaper nye arbeidsmåtar og krev ei kompetanse- og tenesteutvikling som det er særleg vanskeleg for dei små bibliotekeneiningane å realisere kvar for seg. Kravet frå brukarane vil vere eit bibliotek som lever opp til dagens standard, noko dei små einingane i lengda ikkje kan gjere åleine. Dei må inngå alliansar og ha støtte frå sterke regionale bibliotek, ei rolle dei noverande fylkesbiblioteka ikkje fullt ut kan fylle, ifølgje utvalet. Folkebiblioteka må også inngå i nettverk og nytte godt av regionalt eller nasjonalt utvikla elektroniske tenester.

Evalueringsutvalet konkluderte med at det i eigena form bør gjennomførast eit fagleg utgreiingsarbeid med utgangspunkt i den strategien som er skissert i abm-meldinga, eit utgreiingsarbeid som grunnleggjande definerer kva roller biblioteka skal

spele i dagens og morgondagens informasjons- og kunnskapssamfunn. Dei problemstillingane som er konkretiserte i meldinga, bør alle inngå i utgreiinga, eller det kan utarbeidast delutgreiingar for kva strategiar som skal følgjast på dei enkelte områda.

I den prosjektskissa for etablering av ABM-utvikling som departementet utarbeidde hausten 2001, er den nye institusjonen pålagt å følgje opp rapporten frå evalueringsutvalet. Det heiter mellom anna at ABM-utvikling særleg skal gripe fatt i dei nye utfordringane og framtidsutsiktene som framstår som sentrale i informasjons- og kunnskapssamfunnet, vidare at ABM-utvikling skal formulere dei aktuelle hovudutfordringane for arbeidet innanfor kvar av dei tre delsektorane og utvikle ein strategi for korleis desse skal handterast, med tilhøyrande grep for å omsetje strategien i praktisk handling.

I notatet med framlegg til endringar i lov om folkebibliotek som departementet sende på høyring hausten 2002, er det vist til at ein i nær framtid vil setje i gang ei større utgreiing og evaluering av heile folkebiblioteklova, og at ein her også vil ta opp spørsmålet om ei ny lov som omfattar alle typar bibliotek for å setje tanken om eit saumlaust bibliotekstilbod ut i livet.

Tanken om ei felles lov for heile biblioteksektoren var mellom anna reist i eit brev av 20. desember 2001 frå Norsk Bibliotekforening til kulturministeren. I januar 2002 fekk Senter for bibliotekutvikling ved Høgskolen i Oslo i oppdrag å greie ut spørsmålet om å utvide folkebiblioteklova til også å omfatte statlege fag- og forskingsbibliotek. Utgreiingsrapporten har tittelen »En sømløs biblioteklov for sømløse bibliotektenester?» Rapporten drøfter ein del underliggjande forhold som må avklarast og endrast for å leggje til rette for eit slikt lovverk, og viser at lovgjeving i seg sjølv berre er eitt av fleire verkemiddel på vegen mot å realisere visjonen om det saumlause biblioteket. Utgreiaren meiner likevel at ei slik lov kan vere formålstenleg for å halde målet i sikte og sikre at utviklinga går i ønskt retning.

Tanken om ei felles biblioteklov finn ein også i rapporten frå eit utval som på oppdrag frå Statens bibliotektilsyn i 2001 greidde ut spørsmålet om kva rolle fylkesbiblioteket bør spele i eit framtidig biblioteksystem. Statens bibliotektilsyn sende rapporten på høyring og konkluderte i ei oppsummering av høyringsfråsegnene i august 2002 med å tilrå overfor departementet at det vert sett i gang eit arbeid med ein full revisjon av biblioteklova. Det heite likevel at spørsmålet om å utvide verkeområdet for lova til å femne om fleire bibliotektypar, måtte vurderast på eit breiare grunnlag enn den nemnde utgreiinga, og at ein ikkje minst måtte høyre alle

dei instansar utanfor gjeldande folkebiblioteklov som ei eventuell slik utviding ville vedkome.

Det må utgreiast nærmare kva for verkemiddel som kan vera formålstenlege for å leggje til rette for eit meir samordna og saumlaust biblioteksystem. Om ei felles lovgjeving vil vere vegen å gå, er enno eit ope spørsmål. Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv bibliotek og museum vurderer korleis eit vidare utgreiings- og utviklingsarbeid på bibliotekfeltet skal leggjast opp.

3 Høyringsnotatet hausten 2002

3.1 Innleiing

Eit høyringsnotat med forslag til lovendringar vart 1. oktober 2002 sendt til rundt 600 høyringsinstansar som omfatta kommunar, fylkeskommunar, sentrale institusjonar og organisasjonar.

Bakgrunnen var ønsket om å gjere nokre snarlege justeringar i lova utan å vente på ein eventuell større lovrevisjon som det nødvendigvis vil ta lengre tid å utgreie og førebu. Mellom anna var det i abm-meldinga drøfta visse lovendringar, og også i St.meld. nr. 31 (2000–2001) Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling, oppgavefordelingsmeldinga, var det varsla at Kulturdepartementet ville kome tilbake med forslag til eit par endringar i folkebiblioteklova.

3.2 Forslaget i høyringsnotatet

Lovendringsforslaget gjaldt i hovudsak følgjande punkt:

- Folkebiblioteklova § 4 første ledd om kommunale folkebibliotek. I staden for å påleggje kommunane å ha folkebibliotek ville ein påleggje dei å yte folkebibliotektenester, for å leggje til rette for meir fleksible organisatoriske løysingar.
- Folkebiblioteklova § 8 om fylkesbibliotek. Forslaget ville fjerne kravet om eit fylkesbibliotek i kvart fylke og kravet om at fylkesbiblioteket skal vere knytt til eit folkebibliotek.
- Folkebiblioteklova § 9 første ledd. Lovpålegget om at fylkesbiblioteka skal ha ansvaret for fjernlansverksemda, vart foreslått oppheva saman med pålegget om å ha ein felles plan for å skaffe og oppbevare litteratur og føreseigna om at fylkesbiblioteka kan drive mobil bibliotekteneste.
- Folkebiblioteklova §§ 5 og 8, som pålegg kvar kommune og fylkeskommune å ha fagutdanna biblioteksjef og fylkesbiblioteksjef, vart foreslått

fjerna som ei oppfølging av prinsippa i oppgavefordelingsmeldinga.

- Tilvisinga til Statens bibliotektilsyn i § 13 vart foreslått fjerna.

Det vart i høyringsnotatet også foreslått mindre tekniske endringar i §§ 2, 3 og 10.

Forslaget i høyringsnotatet til endring av §§ 4 og 8 ville innebere ei opning for kommunane til samlokalisering av folkebibliotek over kommunegrensene og ei opning for fylkeskommunane til å organisere dei regionale folkebibliotektenestene utan å halde på eit fylkesbibliotek som ei eiga eining. Ein ville med dette oppmode til at ein skulle finne fram til slike samarbeidskonstellasjonar og organiseringsmodellar som det lokalt eller regionalt ligg best til rette for, og ein ville stimulere til meir bruk av interkommunale løysingar for organisering av folkebibliotektenester.

I forslaget vart det foreslått å fjerne pålegget i § 9 om at fylkesbiblioteka skal ta seg av oppgåver i samband med fjernlån, lånesamarbeid og sin del av ein felles plan for innkjøp og oppbevaring av litteratur. Ein ville med dette leggje til rette for å prøve ut ulike former for organisering av desse tenestene. Det vart også foreslått å fjerne formuleringa om at fylkesbiblioteket kan drive utlån frå bokbuss eller bokbåt i § 9 andre ledd, då denne lovteknisk sett er overflødig.

Departementet ville leggje til rette for prioritering av dei viktige oppgåvene med omsyn til opplæring og rådgjeving når det gjeld høve til å utnytte den teknologiske utviklinga, både når det gjeld direkte fjernlånsamarbeid og tilgang til og bruk av elektroniske publikasjonar, og auka fokus på fylkeskommunens rolle som utviklingsaktør.

Til grunn for forslaget i høyringsnotatet om å fjerne kompetansekravet til biblioteksjefar i §§ 5 og 8 låg synspunkt som er i samsvar med prinsippa i oppgavefordelingsmeldinga, der det er skrive under punkt 5.2.2:

«Regler om at kommunesektoren må ansette kvalifisert personell og sørge for nødvendig opplæring og etterutdanning må som utgangspunkt fjernes. Dette bygger på en forståelse av at når kommunesektoren er tillagt ansvaret for å løse en oppgave, vil kommunene og fylkeskommunene også være ansvarlig for å ansette nødvendig og tilstrekkelig personell med adekvat kompetanse.»

I vedlegg 5 til meldinga vart det vist til folkebiblioteklova §§ 5 og 8 og uttala at:

«Kulturdepartementet vil fremme forslag om at kravet om fagutdannet biblioteksjef fjernes.»

Like eins var forslaget i notatet om at fylkesbiblioteket ikkje skal vere knytt til eit folkebibliotek, ei oppfølging av oppgavefordelingsmeldinga, vedlegg 5, der det heiter:

«Kulturdepartementet vil fremme forslag om at det ikke lenger skal være et krav at fylkesbiblioteket skal være knyttet til et folkebibliotek.»

3.3 Høyringsinstansane sine synspunkt

Departementet fekk inn over 250 høyringsfråsegner, og forslaga vart debatterte i media. Oversikt over høyringsinstansar som uttala seg, følger som vedlegg.

Hovudtendensen i høyringsfråsegnene er at ein ber om at berre dei heilt nødvendige endringane i folkebiblioteklova § 13, som følgje av at Statens bibliotektilsyn ikkje eksisterer frå 1. januar 2003, vert gjennomførte no, og at dei materielle endringane vert utsette til konsekvensane er utgreidde i ein større samanheng.

Mange av høyringsfråsegnene og også debatten i media gav uttrykk for stor uro i samband med dei foreslåtte endringane i folkebiblioteklova § 4. Mange støtta prinsippa om auka sjølvstyre og meir samarbeid med andre kommunar, fylkeskommunar og statlege instansar, men uttrykte samstundes frykt for at den foreslåtte endringa ville føre til eit dårlegare bibliotektilbod, og at konsekvensen ville verte eit svært ulikt bibliotektilbod i kommunane. Bakgrunnen for dette synspunktet er at mange kommunar slit med dårleg økonomi, og at dei derfor i sine budsjett må prioritere lovpålagte oppgåver. Dette går ut over andre tenester.

Vidare peika forslaget om å fjerne kompetansekravet i §§ 5 og 8 seg ut som ei endring det var stor motstand mot. Fleirtalet av høyringsinstansane meinte at ein bør halde på kompetansekravet, anten slik det er i dag, eller ved at lovpålegget vert endra til eit krav om at kommunen skal ha personale med bibliotekfagleg kompetanse knytt til sitt bibliotektilbod. Bakgrunnen er mellom anna at dei tilsette ved bibliotek, og særleg større bibliotek, må ha god fagleg kompetanse, til dømes på grunn av nye medium og innføring av IKT. Statens bibliotektilsyn var imot forslaget om å fjerne kompetansekravet fordi det er viktig å halde oppe kompetansen i kommunane, og fordi ein ved å fjerne kravet også fjernar den obligatoriske kompetansehevinga for dei biblioteksjefane som ikkje er fagutdanna. Interimsstyret for ABM-utvikling meinte at heller ikkje dagens krav om fagutdanning sikrar kompetansen i kommunane, og at eit generelt etter- og videreutdanningstilbod innanfor biblioteksektoren vil femne om også biblioteksjefar utan fagutdanning.

3.4 Departementets vurderingar

Departementet har vurdert dei innkomne høyringsfråsegnene på bakgrunn av dei prinsippa som er nemnde ovanfor, og som vart lagde til grunn for den foreslåtte lovendringa på dette området. På dette grunnlag har departementet kome til at det er for tidleg å gjennomføre nokre av dei forslaga til endringar som vart lagde fram i høyringsnotatet, særleg med tanke på det planlagde utgreiingsarbeidet. Fleire av høyringsinstansane peika på at det er forhast å endre lovgrunnlaget for tenester som verkar direkte på biblioteknettverket, og som vil ha verknad på utviklinga av det saumlause bibliotektilbodet.

Særleg var det stor motstand mot å fjerne kravet om folkebibliotek i kvar kommune ved i staden å knyte kravet til tenestetilbodet. Departementets nærmare vurderingar av desse innspela er gjevne i punkt 4.1.

Eit stort fleirtal av dei høyringsinstansane som kom med innspel, åtvare mot å fjerne kompetansekravet til biblioteksjefar i kommunar og ved fylkesbibliotek. Mange meinte at å fjerne kompetansekravet i ei tid då biblioteka har store behov for ny og oppdatert kompetanse, til dømes innanfor IKT og i samband med etterutdanningsreformene, vil gje uheldige signal. I ei omstillingstid der ein har nær sagt uavgrensa tilgang til informasjon, er det nødvendig med profesjonell hjelp til å finne relevant og kvalitetsmessig tilfang. Departementet har vurdert dei innkomne fråsegnene og vil på bakgrunn av desse gjere framlegg om å halde på kompetansekravet til konsekvensane av å fjerne det er betre utgreidde i samband med utviklinga mot det saumlause bibliotek.

Då eventuelle endringar i lovverket som ei oppfølging av den komande utgreiinga vil kunne ta tid, finn departementet det likevel tenleg å endre lova på nokre område på det noverande tidspunkt. Mellom anna vil ein leggje betre til rette for forsøksverksemd med samarbeidskonstellasjonar som eventuelt vil kunne følgjast opp med ytterlegare endringar i neste runde.

4 Lovendringsforslaga i proposisjonen

4.1 Organisering av folkebibliotektenester – folkebiblioteklova §§ 4 og 8

Det er kommunane som har ansvaret for dei lokale folkebiblioteka, medan det er fylkeskommunen som har ansvaret for fylkesbiblioteka, jf. folkebi-

blioteklova § 2. Kapittel II i lova gjev nærare reglar for dei kommunale folkebiblioteka, og § 4 slår fast at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek til dei formåla som er nemnde i kap. I. I § 4 andre ledd er det gjeve høve til heilt eller delvis driftsfelleskap med annan kommune eller fylkeskommune. Kommunen skal fastsetje reglement for folkebiblioteket på grunnlag av retningslinjer gjevne av departementet. Etter § 5 skal alle kommunar ha fagutdanna biblioteksjef.

Etter folkebiblioteklova § 8 første ledd skal alle fylkeskommunar ha eit fylkesbibliotek. Fylkesbiblioteket skal leiast av ein fagutdanna biblioteksjef og vere knytt til eit folkebibliotek. På grunnlag av retningslinjer gjevne av departementet fastset fylkeskommunen reglement for drifta av fylkesbiblioteket etter § 8 andre ledd. Fylkesbiblioteka har ei rekkje lovpålagde oppgåver som går fram av folkebiblioteklova §§ 9 til 11. Mellom anna har dei ansvaret for fjernlånsverksemda i fylket, organiseringa av lånesamarbeidet mellom biblioteka og sin del av den felles planen for å skaffe og oppbevare litteratur.

Som nemnt innleiingsvis er biblioteka inne i ei omstillingstid som gjer at dei bør stimulerast til å utvikle nye og alternative samarbeids- og samordningsmodellar for organisering av bibliotektenester, både på lokalt og regionalt nivå. Særleg er det viktig at dei mange små bibliotekkeiningane på kommunenivå kan utvikle samarbeid over kommunegrensene.

Statleg regelverk retta mot sektoren vart gjennomgått i samband med oppgåvefordelingsmeldinga, med tanke på å gje kommunar og fylkeskommunar større handlingsrom, høve til å sjå ulike sektorar i samanheng og å sjå organisasjon og planlegging samla. Som nemnt ovanfor i punkt 1.3 vart det gjeve signal om at Kulturdepartementet ville fremme forslag om å fjerne dette kravet, noko Stortinget slutta seg til.

For å få til eit tids- og kvalitetsmessig bibliotektilbod rundt om i landet vurderer departementet det slik at bibliotekfeltet bør utviklast mot større, og fagleg og økonomisk sterkare folkebibliotekkeiningar. Departementet la derfor fram eit forslag om å fjerne kravet om eit bibliotek i kvar kommune og erstatte det med eit krav om at kvar kommune skulle vere ansvarleg for dei lokale folkebibliotektenestene.

Mange av høyringsfråsegnene og debatten i media var knytte til forslaga om endringar i folkebiblioteklova § 4 om kommunale folkebibliotek, fordi ein frykta at ei slik lovendring ville medføre at kommunane ville leggje ned folkebiblioteka og sende innbyggjarane til nabokommunens bibliotek for å

spare pengar. Mange såg føre seg ei rasering av biblioteknettverket som ville resultere i eit langt dårlegare bibliotektilbod. Ein del av det som kom fram i debatten, bygde på feil forståing av forslaget, då ein trudde at kommunane ville stå fritt til å kutte tilskotet til folkebibliotektilbodet. Det faktiske forholdet var at også etter forslaget ville kommunane ha plikt til å gje eit bibliotektilbod. Dersom ein kommune skulle finne at det ville vere ei rasjonell løysing å samarbeide med nabokommunen om bibliotekdrifta, ville dette måtte byggje på ei økonomisk forpliktande avtale.

Det er departementets vurdering at dei ressursane som vert løyvde til bibliotekdrift, betre vil kunne nyttast til eit tidsmessig bibliotektilbod ved utvida samarbeid med andre institusjonar. I dag vert mange små folkebibliotek drivne på sparebluss med mangelfulle tilbod og avgrensa opningstider. Ein føresetnad for at biblioteka skal utvikle seg i takt med krav i tida, er nytenking og drøftingar av grunnleggjande spørsmål på bibliotekfeltet. Når ein god del høyringsinstansar peika på bibliotekets viktige rolle som møteplass, er departementet samd i dette, men eit godt og tidsmessig bibliotektilbod må vege tyngre. Eit bibliotek som kommunen ikkje ser seg råd til å halde ope i meir enn nokre timar i veka, gjer ikkje stor nytte korkje som møteplass eller som ein stad å låne bøker.

Departementet har vurdert dei innkomne høyringsfråsegnene på bakgrunn av dei prinsippa som er nemnde ovanfor i kap. 1, og som vart lagde til grunn for den foreslåtte lovendringa på dette området, og er kome fram til at det er for tidleg å følgje opp forslaget. Ein vil ikkje på det noverande tidspunkt gjere slike endringar i lovverket som kan gje signal om at kommunane og fylkeskommunane står friare til å spare inn på løyvingane til biblioteksektoren, når tankane bak forslaget er ei fagleg kvalitetsreform, ikkje ei rasjonaliseringsreform. Det er viktig at dei samarbeidsformene som kjem i stand, har utgangspunkt i at ein ønskjer å utvikle gode bibliotektilbod. Når det er teke til orde for eit større utgreiingsarbeid på bibliotekfeltet i nær framtid, finn departementet det no formålstenleg å leggje til rette for breiare forsøksverksemd med sikte på meir samarbeid på biblioteksektoren ved å ta inn ein heimel for unnatak frå kravet om at kvar kommune skal ha eit folkebibliotek og kvar fylkeskommune skal ha eit fylkesbibliotek.

Vidare ser departementet store fordelar ved å opne for samarbeid med statlege institusjonar og gjer framlegg om ei lovendring som opnar for slikt samarbeid. Somme stader ligg det til rette for å samarbeide – kan henda òg samorganisere – med museums- eller arkivfunksjonar for på den måten å

få til eit større fagmiljø innanfor nærskyldte funksjonar og dermed også betre tenester for innbyggjarane.

Kravet om at fylkesbiblioteket skal vere knytt til eit folkebibliotek, er foreslått fjerna for å gje fylkeskommunen noko større handlingsrom med omsyn til organisering av dei regionale folkebibliotektenestene.

4.2 Statlege folkebibliotektenester – folkebiblioteklova § 13

I folkebiblioteklova § 13 er det fastsett at det er Statens bibliotektilsyn som ivaretek statens oppgåver etter folkebiblioteklova, etter retningslinjer gjevne av departementet. Etter andre ledd skal Statens bibliotektilsyn leiast av ein direktør utnemnt av Kongen.

Som ei oppfølging av signal gjeve i abm-meldinga vart Statens bibliotektilsyn slått saman med Riksbibliotektenesta og Norsk museumsutvikling til det nye ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum frå 1. januar 2003. Dette medfører at tilvinginga til Statens bibliotektilsyn i folkebiblioteklova § 13 må fjernast.

I høyringsrunden kom det ikkje fram nokon motstand mot dette forslaget. Tvert om rådde det store fleirtalet av høyringsinstansane departementet til å gjere endringa i folkebiblioteklova § 13, men utsetje dei andre endringane.

Endringsforslaget fastset at ABM-utvikling er ansvarleg for å løyse statlege folkebibliotekoppgåver. Ei lovendring i tråd med forslaget vil ikkje innebere ei endring av dei oppgåvene som i dag er eit statleg ansvar.

5 Økonomiske og administrative konsekvenser

Lovforslaget medfører at kommunane og fylkeskommunane står friare til å prøve ut nye måtar å organisere bibliotektenestene sine på og finne fram til lokale løysingar tilpassa behovet i det enkelte lokalsamfunnet. Vidare vert det opna for samarbeid mellom kommunane og statlege institusjonar om folkebibliotekdrift.

Forslaget har ingen økonomiske konsekvensar.

6 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

Til § 4 andre ledd:

Forslaget til endring av § 4 andre ledd inneber at kommunane i tillegg til samarbeid med annan kom-

mune eller fylkeskommune også kan samarbeide med statlege institusjonar om folkebibliotektenester. Det kan til dømes vere nyttig å sjå på høvet til å samarbeide nærare med høgskolar eller statlege arkivinstitusjonar.

Departementet finn det nødvendig å leggje til rette for viktige forsøk og utprøving av nye samarbeidskonstellasjonar ved å opne for å gjere unntak frå kravet i første ledd om at alle kommunar skal ha eit bibliotek. ABM-utvikling vil kunne gjere unntak frå kravet saman med tildeling av prosjektmidlar til utprøving av driftsfellesskap eller etter eigen søknad. Denne forsøksordninga følgjer ikkje føresegnene i lov av 26. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentleg forvaltning.

Til § 8:

Framlegget om å fjerne kravet om at fylkesbiblioteket skal vere knytt til eit folkebibliotek, opnar for alternative organisatoriske løysingar.

Ein gjer framlegg om å leggje til rette for utvida forsøksverksemd med omsyn til organisering av fylkesbiblioteka, som for dei kommunale folkebiblioteka, ved å opne for å gjere unntak frå kravet

om at det skal vere eit fylkesbibliotek i kvar fylkeskommune. Dette inneber at fylkeskommunen mellom anna kan prøve ut ei ordning der ein ikkje har fylkesbibliotek som eiga eining.

Til § 13:

Statens bibliotektilsyn vert teke ut av lovteksten, sidan institusjonen frå januar 2003 er slått saman med Riksbibliotektenesta og Norsk museumsutvikling til det nye organet ABM-utvikling. I lovteksten vert det slått fast at det er ABM-utvikling som er ansvarleg for dei statlege folkebibliotekoppgåvene.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek

I

I lov 20. desember 1985 nr 108 om folkebibliotek vert det gjort følgjande endringar:

§ 4 andre ledd skal lyde:

Folkebiblioteket kan drives av kommunen ale-
ne, eller i helt eller delvis driftsfellesskap med an-
nen kommune, fylkeskommunen *eller statlig insti-
tusjon*. Departementet kan gjøre unntak fra første
ledd for forsøksvirksomhet.

§ 8 første ledd andre punktum skal lyde:

Departementet kan for forsøksvirksomhet gjøre unn-

tak fra kravet om at alle fylkeskommuner skal ha et fylkesbibliotek.

§ 13 skal lyde:

§ 13 ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum

Statens oppgaver etter denne loven ivaretas av ABM-utvikling på vegne av departementet.

II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

Vedlegg 1**Høyringsinstansar som sende fråsegn:**

| | |
|--|--|
| Nærings- og handelsdepartementet | Høgskolen i Gjøvik |
| Barne- og familiedepartementet | Høgskolen i Narvik |
| Nittedal kommune | Meldal kommune |
| Landbruksdepartementet | Søgne kommune |
| Forsvarsdepartementet | Audnedal kommune |
| Arbeids- og administrasjonsdepartementet | HAFS-kommunene (Fjaler, Hyllestad, Solund, Gulen og Askvoll) |
| Justisdepartementet | Verdal kommune |
| Sosialdepartementet | Fauske kommune |
| Finansdepartementet | Lillesand kommune |
| Utenriksdepartementet | Lærdal kommune |
| Miljøverndepartementet | Hasvik kommune |
| Samferdselsdepartementet | Søndre Land kommune |
| Helsedepartementet | Stavanger kommune |
| Utdannings- og forskningsdepartementet | Rana kommune |
| Kommunal- og regionaldepartementet | Selje kommune |
| Akershus fylkeskommune | Osen kommune |
| Troms fylkeskommune | Sør-Varanger kommune |
| Hordaland fylkeskommune | Hægebostad kommune |
| Nordland fylkesbibliotek | Jevnaker kommune |
| Vest-Agder fylkesbibliotek | Kvam kommune |
| Sogn- og Fjordane fylkeskommune | Ørsta kommune |
| Rogaland fylkeskommune | Karasjøkkommune |
| Vestfold fylkeskommune | Aure kommune |
| Hedmark fylkeskommune | Røros kommune |
| Oppland fylkeskommune | Rollag kommune |
| Nord-Trøndelag fylkeskommune | Åmot kommune |
| Møre- og Romsdal fylkeskommune | Snillfjord kommune |
| Østfold fylkeskommune | Sund kommune |
| Finnmark fylkeskommune | Time kommune |
| Sør-Trøndelag fylkeskommune | Vågå kommune |
| Aust-Agder fylkeskommune | Andebu kommune |
| Buskerud fylkeskommune | Fredrikstad kommune |
| Høgskolen i Oslo | Ullensaker kommune |
| Høgskolen i Nord-Trøndelag | Bømlo kommune |
| Høgskolen i Finnmark | Averøy kommune |
| Høgskolen i Molde | Hammerfest kommune |
| Diakonhjemmets høgskole | Steinkjær kommune |
| Høgskolen i Telemark | Ålesund kommune |
| Høgskolen i Buskerud | Molde kommune |
| Høgskolen i Hedmark | Ulstein kommune |
| Høgskolen i Bergen | Overhalla folkebibliotek |
| Høgskolen i Volda | Oppegård kommune |
| Norges Handelshøyskole | Seljord kommune |
| Høgskolen i Agder | Neset kommune |
| Høgskolen i Ålesund | |

| | |
|--|------------------------|
| Gjesdal kommune | Hol kommune |
| Indre Østfold (Aremark, Askim, Eidsberg, Hobøl, Marker, Rakkestad, Rømskog, Skiptvedt, Spydberg og Trøgstad) | Holtålen kommune |
| Kristiansand kommune | Midtre Gauldal kommune |
| Lurøy kommune | Askøy kommune |
| Landssamanslutninga av nynorskkommunar | Eigersund kommune |
| Nord-Troms Regionråd (Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen) | Bergen kommune |
| Odda kommune | Levanger kommune |
| Tromsø kommune | Vestnes kommune |
| Tinn kommune | Skedsmo kommune |
| Ulvik herad | Overhalla kommune |
| Vesterålen Regionråd (Andøy, Bø, Hadsel, Lødingen, Sortland og Øksnes) | Haram kommune |
| Ål kommune | Re kommune |
| Bamble kommune | Lund kommune |
| Førde kommune | Valle kommune |
| Regional samling på Humaniora gård (Hitra, Frøya, Hamne, Aure og Tustna) | Halden kommune |
| Torsken kommune | Stord kommune |
| Bø kommune | Tolga kommune |
| Dovre kommune | Vadsø kommune |
| Vanylven kommune | Herøy kommune |
| Sandnes kommune | Frøya kommune |
| Fjell kommune | Vestre Toten kommune |
| Sula kommune | Namsos kommune |
| Osterøy kommune | Øvre Eiker kommune |
| Meland kommune | Gjerstad kommune |
| Enebakk kommune | Narvik kommune |
| Tønsberg/Nøtterøy kommune | Lørenskog kommune |
| Hemne kommune | Skien kommune |
| Hitra kommune | Voss kommune |
| Stokke kommune | Risør kommune |
| Bærum kommune | Grong kommune |
| Drammen kommune | Larvik kommune |
| Asker kommune | Namsos kommune |
| Gøl kommune | Tysvær kommune |
| Tingvoll kommune | Ringerike kommune |
| Modum kommune | Flesberg kommune |
| Eidsvoll kommune | Gaular kommune |
| Evenes kommune | Rygge kommune |
| Vestvågøy kommune | Oslo kommune |
| Bø kommune | Kongsberg kommune |
| Rissa kommune | Hå kommune |
| Hadsel kommune | Hole kommune |
| Flakstad kommune | Nore og Uvdal kommune |
| Rendalen kommune | Risør kommune |
| Vega kommune | Fræna kommune |
| Tjeldsund kommune | Stange kommune |
| Vefsn kommune | Mosknes kommune |
| Forsand kommune | Surnadal kommune |
| Øksnes kommune | Folldal kommune |
| Klæbu kommune | Elverum kommune |
| Balsfjord kommune | Sveio kommune |
| | Sel kommune |
| | Horten kommune |
| | Porsgrunn kommune |
| | Vennesla kommune |
| | Skånland kommune |

| | |
|-------------------------------------|--|
| Selbu kommune | Universitetsbiblioteket i Trondheim |
| Bremanger kommune | KFO |
| Meråker kommune | Norsk Bibliotekforening |
| Hornindal kommune | Kulturforbundet |
| Telemarksbiblioteket | Skolenes landsforbund |
| Bodø folkebibliotek | Norsk målungdom |
| Statens utdanningskontor i Buskerud | Studentutvalget BIBIN, JBI, ved Høgskolen i Oslo |
| Forskerforbundet | Den Norske Forleggerforening |
| Helse Stavanger | Statens utdanningskontor i Nord-Trøndelag |
| Sykehuset Østfold HF | Sametinget |
| Norsk tjenestemannslag | Læringscenteret |
| Bibliotekaksjonen | Statens bibliotektilsyn |
| Universitetet i Tromsø | Universitetet i Oslo |
| Bibliotekarforbundet | Universitetet i Bergen |
| Nasjonalbiblioteket | ABM-tvikling |
| Riksbibliotekstjenesten | Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek |
| Biblioteksentralen AL | Norsk kulturråd |
| Norsk fagbibliotekforening | Utdanningsforbundet |
| Norsk kommuneforbund | Kommunenenes sentralforbund |

